

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
14 NOV 2018	
Ark. saksnr.	Lopenr.
153032	
Saksh.	Tilgangskode

14-November-2018

Driftsavtale Ungdomskontakten Salto

mellom Modalen kommune og Lindås

kommune 2019 - 2021

Bakgrunn

Ungdomskontakten Salto starta opp i september 2007, først som eit treårig samarbeidsprosjekt mellom sju kommunar i Nordhordland, Knarvik senter, kyrkja, politiet og Knarvik vidaregåande skule. Etter prosjektperioden har tiltaket vore i ordinær drift frå januar 2011 og fram til d.d.

Målsetting

Ungdomskontakten Salto er eit rus-, valds- og kriminalitetsforebyggjande tiltak med målsetting om å:

- Vere eit lågterskeltilbod for uorganisert ungdom mellom 13 og 20 år
- Førebyggje vald gjennom tidleg observasjon og intervension mot ungdom i faresona
- Hjelpe ungdomar til å meistre utfordringar i livet gjennom tilbod om vaksenkонтakt

Vurdering av resultat

Prosjektet blei først evaluert i 2010. Ein konkluderte då med at regionen hadde fått mykje ut av relativt begrensa midlar, og at tiltaket hadde treft i høve målsettinga. Ein såg at Ungdomskontakten Salto utgjer eit komplementerande tilbod, ved at dei når vanskelegstilt ungdom på andre arenaer, tidspunkt og med andre verkemiddel enn det hjelpeapparatet kan tilby.

Are Klyve ved Stiftelsen Bergensklinikken uttalte at tiltaket truleg er ein av dei mest økonomisk fornuftige måtane å drive førebygging på. Det kostar lite, når mange ungdomar og er ikkje stigmatiserande. Han viste til at ein tung ruskarriere har ein kostnad sju gongar det tiltaket kostar.

Resultata frå brukarundersøkinga i 2016 blei lagt fram på Politiråd i Knarvik 3. november 2017. I undersøkinga set ungdomen sjølv ord på hjelpa dei får på Ungdomskontakten Salto, og kva rolle og oppgåver dei erfarer at dei tilsette har. Nokre av orda dei bruker for å skildre dette er: *Vaksne. Tryggheit. Førebilete. Samtale. Råd. Jobsøknad. Vener. Sosialt. Tilhøyrse.* Fleire av ungdomane ga i undersøkinga uttrykk for at dei har tru på at Ungdomskontakten Salto er ein viktig aktør i det rus-, valds- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet.

I 2016 og 2017 har det vore registeret rundt 5000 årlege besök på Ungdomskontakten Salto. Tidlegare gjekk ungdomane meir til og frå, medan ein no ser at dei vert verande lenger i lokalet. Talet på årlege besök ligg noko lågare enn tilsvarande registrering i 2014 og 2015. Ein må sjå nedgangen i samanheng med ein generell trend som mellom anna er tydeleg i undersøkinga Ungdata; at ungdom i dag har ei sterkare orientering mot heimen som fritidsarena, og at talet på ungdom som er ute og heng rundt i gatene er fallande.

Avtale

1. Arbeidsgjevaransvar

Lindås kommune har arbeidsgjivaransvaret for tilsette ved Ungdomskontakten Salto.

2. Tilsette

- Ungdomskontakten Salto har 2 faste tilsette, tilsvarende 2 årsverk
- Dei tilsette er høgskuleutdanna innan relevant fagområde

3. Drift, periode 2019-2021

Fordeling av kostnader i avtaleperioden tar utgangspunkt i budsjett 2018*:

Kommune	Fordelingsnøkkel	Beløp
Austrheim	2 %	kr 28 000
Fedje	2 %	kr 28 000
Lindås	68 %	kr 943 000
Masfjorden	6 %	kr 83 000
Meland	16 %	kr 222 000
Modalen	2 %	kr 28 000
Radøy	4 %	kr 56 000
Kontrolltal	100 %	kr 1 388 000

*Auke i lønnsutgifter for dei tilsette i samband med årlege lønnsoppgjer og eventuell auke i andre nødvendige utgifter for perioden 2019-2021 kjem i tillegg.

Knarvik senter gir tilskot til Ungdomskontakten Salto gjennom å stille kostnadsfrie lokale til disposisjon, inklusiv straum, tilsvarende om lag kr. 150 000,- pr. år .

4. Driftsnivå

- Driftsnivå blir fastsett gjennom ein treårig driftsavtale.
- Den einskilde kommunen må sikre lokal behandling av driftsavtalen.
- Endringar i driftsnivå som får verknad på årleg tilskot, må bli godkjent av den einskilde kommunen før eventuell iverksetting.

5. Tilbod til samarbeidskommunane

- Kjerneaktiviteten er «ope hus» i lokalene til Ungdomskontakten Salto, med opningstid verkedagar kl. 13.30-15.30, med unntak av onsdagar, då ein har ope kl. 13.30-20.30.
- Oppsøkjande verksemder i Knarvik senter der tilsette ved Ungdomskontakten Salto snakkar med ungdom både før, under og etter skuletid.
- Kurs i AART (Adapted Aggression Replacement Training). AART er eit pedagogisk, manualbasert program som består av trening i sosiale ferdigheter, sinneregulering og moralsk resonering, ein kombinasjon som har dokumentert god effekt på klassemiljø og utfordrande åtferd.
- Samarbeid med skular i regionen, barnevernstenesta, helsetenesta, NAV, Oppfølgingstenesta (OT/PPT), Nordhordland Næringslag v/Vivian Kårbø, samt andre frivillige lag og organisasjonar.

6. Rådgjevande referansegruppa

Politirådet består av representantar frå politiet, kommunane i regionen, med fleire.

Politirådet peikar ut ei rådgjevande referansegruppe for avtaleperioden. Denne har følgjande oppgåver:

- Gi synspunkt og råd i høve tema og problemstillingar som blir tatt opp
- Ta opp saker på eige initiativ
- Få oppdatert informasjon til vidareformidling i dei respektive organisasjonane
- Fastsetje møteplan

7. Brukarundersøking og rapportering

- Ungdomskontakten Salto rapporterer årleg til Politirådet og samarbeidskommunane om status og utvikling i tiltaket. Frist: 1.februar.
- Ungdomskontakten Salto gjennomfører ny brukarundersøking i 2019. Resultata blir lagt fram ved årsrapportering.

Varigheit

- Avtalen gjeld i perioden 1. januar 2019 - 31. desember 2021
- Pr. 1. januar 2020 overtar Alver kommune forpliktingane til Radøy, Meland og Lindås kommunar

Lindås kommune ,

Dato: 6/11-18

for

Kristin Mæ

Rådmann

Modalen kommune,

Dato: 09.11.18

for

Rådmann

Andrea